



* «De syv søstre». (Alle foto: Kristoffer Nærø Ytterland)

No er han verdsarvfotograf!

18. februar kom meldinga. Kristoffer Nærø Ytterland var blitt plukka ut til å marknadsføre plassen som i 2006 vart kåra til ein av verdas vakraste verdsarvstader, nemleg Geiranger.

Josefine Spiro
josefine@vestlandsnytt.no

Utdysinga skjedde gjennom Facebook i januar. Norsk fjordsenter sökte etter fotografer som kunne stille med vakre landskapsbilde og ta på seg oppdrag for å dokumentere og marknadsføre ulike aktivitetar i Geiranger. Ein månad seinare fekk Ytterland e-posten med den høgst gledelege nyheita: frå då av kunne han titulere seg som «verdsarvfotograf».

– Det var svært, og no er eg veldig stolt og glad. Noko av det eg likar best med å holde på med foto er at eg får være med på så mykje spennande og kjekt. Eg likar å ta med familien på fototur, og tek dei gjerne med i bilda, seier Ytterland.

Danka ut proffane

Ytterland sine foreldre hadde inntil nyleg hytte ved Eidsvatnet, ikkje langt frå Geiranger, og Herøy-fotografen har nytta mange høve til å fange idylliske stemningar i dei vakre omgjevnadane. Porteføljen hans var rett og slett god nok til å danke ut profilerte fotografar frå austlandet, som også sökte på den ærefulle jobben.

– Men no har foreldra mine kjøpt hytte i Tafjorden, eit område eg også kjem til å utforske, seier Ytterland.

Ein spennande fotograf

Ifylgje direktør Kathrin Blomvik for stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv, var det Ytterland si evne til å fange stemningar som gjorde at han skilde seg ut mellom søkjane.

– Der var fleire vi hadde lyst til å bruke, men Ytterland stod fram som mest spennande for oss. I porteføljen sin hadde han svært gode bilde. Han er veldig flink til å fange stemningar i landskapsbilda sine, men også av menneske i aktivitet og samspel mellom folk. Mellom anna har han tatt nokre fantastiske bilde oppe ved Eidsvatnet. Det er dessutan ein fordel at han bur relativt nær Geiranger, fortel direktøren.

I framtida kan fotografen forvente å sjå att bilda sine i alt frå fysiske utstillingar og på nett til brosjyremateriell verda over.


Kristoffer Nærø Ytterland er busett i Herøy. Han har med sitt spesielle utrykk rekta å bli ein kjend «profesjonell hobbyfotograf» i lokalsamfunnet, og i 2014 stifta han enkeltpersonføretaket, «www.meirentusenord.com». Sidan den tid har han teke på seg ei rekke oppdrag for privatpersonar og det lokale næringslivet i Herøy. I februar kunne han for første gong titulere seg som «verdsarvfotograf», ettersom Norsk fjordsenter vil bruke han i profileringa av sjølv Geiranger.




* Sommar i Tafjord.



* Geirangerfjorden og cruisebåt.



* Zakkariasdammen, med Ytterland si kone og døtrer i front.



* Norddal



* Eidsvatnet på veg til Geiranger.

Løna for god kundebehandling: YX er årets handelsbedrift i Herøy



* Banksjef Nils Svenning Sævik (t.v.) i Nordea overrakte prisen for Årets handelsbedrift til servicestasjonen YX Fosnavåg. Vidare f.v. dagleg leiar Harald Gjelsvik, medeigar Vidar Gjelsvik og butikksjef Thea Nerland.

– Fosnavåg Servicesenter utmerker seg med god service og effektivitet, kanskje meir enn kundane forventar.

Jan Åge Sundnes
janaage@vestlandsnytt.no

Slik lyder det i grunngjevinga frå juryen. Representantar frå butikkgruppa i Herøy Næringsforum, Nordea og Vestlandsnytt beveger seg ut av sentrumskjernen når servicestasjonen YX Fosnavåg med bil- og dekkservice gjennom First Stop-kjeden som del av servicesenteret er kåra til Årets handelsbedrift i Herøy for 2015.

Det er fyrste gong ein servicestasjon får prisen.

Hardt arbeid

– Det er kjempefritt. Det er kjekt å sjå at hardt arbeid løner seg og at ein vert sett pris på. Vi har lagt ned mykje innsats i å utvikle servicestasjonen, seier dagleg leiar Harald Gjelsvik og son og medeigar Vidar Gjelsvik.

Kristian Myklebust opna stasjonen i 1960, og aksjeselskapet vart stifta i 1986. Voldingen Harald Gjelsvik kom inn i bildet i 1999 og tok over eigarskapet saman med Gunn Myklebust. Vidar Gjelsvik eig i dag ti prosent.

Stadig utvikling

– Sidan 2000 har vi bygd, seier Harald Myklebust. På tenestesida kan nem-

nast dekkhotell og lukka vaskehallar. Nyleg vart bensinstasjonen utvendig pussa opp med nye pumper og belysning. I juni står disklinja og oppfrisking av butikken, altså det innvendige, for tur.

– Fosnavåg Servicesenter er ei solid og tradisjonsrik bedrift tufta på kompetanse og god forretningssans. Heilt frå starten i 1960 har dei levert gode resultat, vakse jamt og trutt og alltid sett tæring etter næring, heiter det vidare i grunngjevinga frå juryen, som har fått foreslått bedrifta frå publikum.

Servicen

– Kvífor har de fått pri-sen, trur de?

– Kundeservice, enkelt og greitt, svarar far og son Gjelsvik næraast i kor.

– Det betyr å vere blide og hjelpsame. Kundeservice har vore fokuset heile vegen, og det prentar vi inn til dei som jobbar her. Det er viktig, utdijpar Vidar.

– Kvar skal diplomet hengje?

– Det vert i butikken,

seier Harald.

– Det spørst om det vert i kaffikroa, legg sonen til.

Dekkhotellet

Når det gjeld dekkservice og oppbevaring av hjulsett har servicesenteret tydeleg funne eit behov i marknaden. Heile 530 hjulsett er lagra i lokalet. Førespurnadene har vore mange. No er det mindre luft mellom reolane og dei tilsette har gjort plass til 690 hjulsett på dekkhotellet.

– Vi har hatt fullt i fleire år, men etterspurnaden har vore veldig stor. No har vi utvida så mykje det går an, og vi har 100 ledige plassar, reklamerer medeigar Vidar Gjelseth.

Sett bort frå hjulskift og bøtingar vert det også utført oljeskift og byte av batteri, vindusviskarar og lyspærer i First Stop-dealen av servicestasjonen..

I sesongen for dekkomlegging jobbar seks mann på verkstaden/hotellet, mot tre mann elles. I tillegg til god service er det nettopp effektiviteten juryen har vektlagt i utmerkinga.



* På dekkhotellet til Fosnavåg Servicesenter er det plass til 690 hjulsett, og med den nylege utvidinga er 100 av plassane ledige.